

HOD - Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Deres ref.:
Vår ref.: 20/540-2
Saksbehandler: Jon-Torgeir Lunke
Dato: 08.01.2021

Høyringssvar frå Direktoratet for e-helse- Forslag om ny forskrift om legemiddelreseptar og rekvisisjonar

Direktoratet for e-helse syner til Helse- og omsorgsdepartementet forslag om ny forskrift om legemiddelreseptar og rekvisisjonar datert 5. oktober 2020, med svarfrist 8. januar 2021.

Vedlagd finn ein høyringsuttalen.

Vennlig hilsen

Ivar Thor Jonsson e.f.
avdelingsdirektør

Jon-Torgeir Lunke
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk

Direktoratet for e-helse

E-helse Avdeling utredning
Jon-Torgeir Lunke, tlf.: 46811904
Postboks 221 Skøyen, 0213 OSLO • Besøksadresse: Verkstedveien 1 • Tlf.: 21 49 50 70
Org.nr.: 915 933 149 • postmottak@ehelse.no • www.ehelse.no

Høyringsuttale**Tittel: Forskrift om legemiddelreseptar og rekvisisjonar****Freist: 08.01.2021 Helse- og omsorgsdepartementet**

Direktoratet for e-helse syner til Helse- og omsorgsdepartementet forslag om ny forskrift om legemiddelreseptar og rekvisisjonar datert 5. oktober 2020. Forskrifta skal erstatte dagens forskrift 27. april 1998 nr. 455 om rekvirering og utlevering av legemiddel frå apotek.

Direktoratet for e-helse støttar i all hovudsak innretninga av forslaga.

Vi vurderer at forslaga er i samsvar med den digitale transformasjonen som skjer i helse- og omsorgssektoren. Blant anna finn vi omtale og forslag om e-multidose, tiltak innan antibiotikaresistens, sekundærbruk, auka bruk reseptformidlaren og at fleire rekvirentgrupper nyttar e-resept som tilfredsstillande.

Direktoratet for e-helse vil løfte fram

- Direktoratet for e-helse støttar forslaget om å skjerpe regelen for reiterering av reseptar for å understøtte målet om at all rekvirering skal skje via elektroniske løysingar.
- Departementet ber om synspunkt frå høyringsinstansane om gyldig periode på rekvisisjonar og reseptar kan gjerast lengre enn eitt år.

Direktoratet for e-helse registrerer at reseptar blir fornya kvart år utan at rekvirent er i kontakt med pasient. Det kan vera store samfunnsmessige vinstar ved å gjera gyldig periode lengre enn eitt år. Direktoratet for e-helse foreslår difor at problemstillinga blir grundigare utgreidd ved at ulike konsept bli analysert med omsyn til konsekvens. Pasienttryggleik og helsemessige konsekvensar blir sentrale element i vurderingane.

- Direktoratet for e-helse støttar forslaget om at det i ny forskrift om legemiddelreseptar og revisjonar presiser at også verksemda har eit ansvar for å sikre forsvarleg rekvirering av legemiddel. Verksemders krav til forsvarleg helsehjelp følger helselovgevinga. I dette ligg det blant annet at verksemndene skal legge til rette for at tilsett personell kan utføre forsvarleg helsehjelp. Gode rutiner og system som legg til rette for forsvarleg rekvirering er viktig for å bidra til å sikre forsvarleg rekvirering av legemiddel.
- I forslag til tredje ledd i § 4-2 står det "*Resepter skal rekvireres via Reseptformidleren. Dette gjelder ikke dersom rekvirenten, ved rekvirering, ikke har tilgang til et datasystem som gir rekvirenten mulighet til å sende elektroniske resepter.*" Tilsvarande plikt og regelunntak for rekvirenten følger av reseptformidlarforskrifta § 2-1.

I forslag til endringar i forskrift om IKT-standardar i helse- og omsorgstenesta som var på høyring med frist 15. januar 2020, er regelunntaket reseptformidlarforskriften § 2-1 fjerde ledd foreslått snevra inn, slik at det berre vil vera unntak fra meldeplikta dersom rekvirenten i *enkeltilfelle* ikkje har moglegheit til å sende elektroniske reseptar.

Direktoratet for e-helse legger til grunn at desse reglane i forskift blir sett i samanheng.

- I høyringsnotatet står det følgjande om Sentral forskrivningsmodul (SFM): "*Med pasientens legemiddelliste innføres Sentral forskrivningsmodul (SFM), som en nasjonal løsning for rekvirering av resepter.*"

Direktoratet vil påpeike at SFM vil vera ei valfri løysing for sektoren som nasjonalt tilbod og som del av e-resept samhandlingskjede. SFM er ikkje ein eigen nasjonal løysing. SFM er ein løysingskomponent som legg til rette for at sektoren enklare kan ta i bruk og vedlikehalde felles nasjonal legemiddelliste (PLL) på ein tryggare og betre måte. SFM skal i tillegg nyttast til å ordinere legemiddel sikkert og effektivt. SFM vil driftast og forvaltast av Norsk helsenett SF.

Direktoratet for e-helse takkar for høvet til å gje høyringsinnspeil.